



Gurly Sandal
Lyshovden 221
5148 FYLLINGSDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6349 - 14/19680

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
31.08.2014

Førehandsvarsel om pålegg om retting og tvangsmulkt - gbnr 111/4 Skårnes

Tiltakshavar: Gurly Sandal

Grunneigar: Gurly Sandal

Det vert vist til Fylkesmannen i Hordaland sitt vedtak datert 06.08.2014 i saknummer 14/630, der Dykkar klage på kommunen sitt avslag på søknad om legalisering av brygge på 43 m² vart endeleg handsama. Fylkesmannen opprettholdt Lindås kommune sitt vedtak datert 05.03.2014, der det vart gjeve avslag på søknad om legalisering av bryggja på 43 m². Fylkesmannen sitt vedtak er endeleg, og kan ikkje klagast på.

På bakgrunn av dette ligg det ikkje føre godkjenning etter plan- og bygninglova til den oppførte brygga på Dykkar eigedom.

Frist for retting

Det ulovlege tilhøvet må **rettast innan 15.10.2014**.

Retting må skje ved at brygga med fester i svaberga vert fjerna.

Kommunen må få skriftleg underretting når brygga er fjerna. I tillegg må det sendast inn dokumentasjon/foto av at tilhøvet er retta.

Førehandsvarsel om vedtak med pålegg om retting

Om det ulovlege tilhøvet ikkje vert retta innan fristen kan saka verte følgd opp med pålegg om retting etter pbl. § 32-3.

Det vert orientert om at dersom eit pålegg ikkje vert følgt, kan kommunen utførde førelegg etter pbl. § 32-6. Eit førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar. Eit førelegg kan tinglysast som hefte på eigedomen.

Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt



Om pålegg om retting ikkje vert etterkome, har bygningsstyresmakta høve til å fastsetje tvangsmulkt etter pbl. § 32-5. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel.

Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom, jf. pbl. § 32-6.

Rett til å gje uttale

Du har rett til å gje uttale i saka. **Uttale må vera sendt til kommunen innan 22.09.2014.**

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/6349.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Gurly Sandal

Lyshovden 221

5148

FYLLINGSDALEN